



Prisen for å finna kvile

I romjula organiserte misjonen ein mini-leir, ikkje langt frå hovudstaden i Mali. Det var rundt ti menn og ei dame som deltok på leiren. Fleire av dei som var med på leiren var lærde muslimar. Det var folk som har studert islam i Saudi Arabia, Egypt, Algerie og Mali. Etter at me hadde lagt oss om kvelden, gjekk praten mellom nokon av dei på arabisk.

Nokre av desse mennene har vorte kristne, medan andre ønskjer å forstå meir av kva evangeliet seier om Jesus. Det vart undervist i tema som deltakarane sjølve hadde meldt inn: Kva lærer Mosebøkene oss om Isak og Ismael? Kva tyder det at Jesus er Frelsar? Korleis kan eit menneske få tilgjeving for syndene sine? Korleis skal kristne forholde seg til religiøse lærarar som driv med amulettar og trolldom? Kva seier evangeliet oss om grådighet? Korleis kan ein driva oppdrett av høns på ein måte som gjev pengar i lomma?

Eit av privilegia ved å få jobba blant muslimske fulaniar er at dei tar Gud og religion på stort alvor. Gud og bønn er offentlege tema på like linje med fotball og politikk. Folk kan samtala og kranvla til stor latter og underhalding om kva som er Guds vilje i den eine og andre situasjonen. Kunnskap om heilage bøker og profetar, saman med ekte fromleik gjev respekt. På leiren er programmet organisert rundt fem daglege liturgiske bønner, med undervisningsøkter innimellom og fleire gode samtalar over nokre glas med krutsterk te.

Det er sterkt å møta folk som må betala ein pris for å tru på Jesus. På leiren var for eksempel Ali som fekk stipend og studerte fire år i Saudi Arabia. Han vart kristen under sitt opphald i den arabiske verda. No har han vorte utstøyt frå familien sin, og bur hjå ein malisk pastor. Innimellom undervisningsøktene såg eg han nokre gangar knelende på sovematta si, medan han song lovsongar. Ein annan som var på leiren var ein ung sympatisk mann som heiter Ibrahim. Ibrahim sin onkel er ein viktig Koran-lærarar i heimlandsbyen deira, og Ibrahim var den beste eleven hans. Første gang eg møtte Ibrahim var då han trengte ein stad å overnatta fordi faren hadde kasta han ut.

Ibrahim hadde fått valet mellom å forneakta si kristne tru eller å forlata heimen. Då tok han med seg symaskina si og reiste. Etter éi natt hjå meg, drog han vidare til gullgravarfelta sør i Mali, der han låg seg opp pengar som skreddar. Ibrahim kom til tru via ein fulani-ven som er kristen. Etter åtte år med samtalar, undervisning, lesing, refleksjon og samanlikning mellom Muhammed sin veg og Jesus sin veg, vart Ibrahim døypt i september 2019. Heldigvis går det no betre med hans forhold til familien. I jula var han på besøk hjå foreldra sine i hovudstaden, før han vart med på leiren vår.

Det er eit privilegium å få møta Ali og Ibrahim og dei andre som var med på leiren vår, og å få vera ein liten del av deira historie. Det er også sterkt å få oppleva det som min gode ven Samba pleier å seia: «Det er vanskeleg å finna Jesus sin veg, men når du først finn den så får du kvila».

Jesus seier: «Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile! Ta mitt åk på dykk og lær av meg, for eg er mild og mjuk i hjartet; så skal de finna kvile for dykkar sjel. For mitt åk er godt og mi bær er lett». (Matteus 11,28-29)

Av: Frode Brügger Sætre



Illustrasjonsfoto Foto: NMS-info

Les mer om Mali og
arbeidet på:
nms.no/finndinmenighet

Hva gjør vi i Mali?

I Mali retter arbeidet seg i hovedsak mot fulaniene, et nomadefolk med en sterk og stolt tradisjon. Vi har fokus på å formidle Jesu ord og gjerning på en forståelig måte som ligger tradisjonen nær og bruker tid på å bygge relasjoner til enkeltpersoner for å skape tillit og respekt. I vår måte å arbeide på ønsker vi å ta hensyn til alle sider av menneskers behov. Derfor er vi også engasjert i kampen mot omskjæring av unge jenter og i andre diakonale prosjekt

